

Samordningsmøte om Sykkel-VM 16. mai 2017 – Oppsummering

Oppsummering og oppfølgingspunkt frå samordningsmøtet om samfunnstryggleik og beredskap under Sykkel-VM i Statens hus 16. mai 2017.

Vi syner til innkalling og dagsorden for møtet. 24 deltakarar frå ulike aktørar var til stades, jf. eiga liste over deltakarar.

Fylkesmannen i Hordaland, Lars Sponheim

Fylkesmannen, Lars Sponheim, opna møtet og ønskte velkommen. Innleiingsvis presenterte Lars Sponheim bakgrunn og føremål med møtet. Vidare vart ordet gitt dei ulike aktørane og dagsorden gjennomgått.

Bergen kommune, Ivar Konrad Lunde

Ivar Konrad Lunde frå Bergen kommune presenterte status for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap for Sykkel-VM 2017. Lunde trakk fram at Sykkel-VM er eit av dei aller største idrettsarrangementa i verda. Søknaden frå 2015 legg føringar og føresetnadar for sjølv arrangementet, med gitte løyper og bruk av byrom, som ikkje kan endrast no.

Det vart understreka at det er ei todelt ansvarsdeling mellom rittarrangør og Bergen kommune med ulikt ansvar knytt til samfunnstryggleik og beredskap. Bergen kommune som vertskommune tek ansvar for samfunnstryggleik og beredskap for storsamfunnet og arenaene (utanfor akkrediterte områder). Det er eit stort pågåande prosjekt i kommunen der fleire sentrale naudetatar og aktørar er involverte for å førebu og planlegge for Sykkel-VM i Bergen til hausten. Lunde presenterte prosjektorganiseringa og det overordna arbeidet som gjennomførast i prosjektet. Det skal etablerast eit eige samvirkesenter for Sykkel-VM. Funksjonar og aktuelle aktørar vart presentert. Meir informasjon og detaljar om Sykkel-VM finn ein på www.bergen2017.no.

Bergen kommune har, som fleire andre aktørar, sendt førespurnad om bistand til DSB, men ikkje motteke svar.

Vest politidistrikt, Morten Ørn

Morten Ørn frå Vest politidistrikt presenterte status for arbeidet. Det er søkt om bistandsressursar frå fem politidistrikt for å handtere samfunnstryggleik og beredskap under Sykkel-VM. Vest PD vert tilført 384 ekstra mannskap frå andre distrikt. Det krevst planlegging og samordning på fleire område for at alle skal innlosjerast på ein måte som gir effektiv bruk av mannskap jf. losji, bevertning og transport til/frå teneste. Til saman vil det dagleg vere 450-650 mann i aktiv teneste, der alle har behov for samband og Naudnett. Ørn informerte om at det under Sykkel-VM vert:

- Auka etterretning og eigen operasjonssentral for Sykkel-VM.
- Utarbeidd egne planar for hendingar og definerte objekt.
- Utarbeidd eiga trusselvurdering for Sykkel-VM ved PST, ventast ca. 1. juni.

Vest PD gav klar melding om at kapasiteten på Naudnett blir sett på som kritisk. DSB må stadfeste og garantere at det er tilstrekkeleg kapasitet til å handtere fleire brukarar og ei auka belastning på Naudnettet. Dette gjeld for:

- 1) Dagleg drift under arrangementet – gjennomsnittsberekningar per time.
- 2) Toppar (peak) ved uønskte hendingar – mykje aktivitet i løpet av 5 minutt.
- 3) Handtering av to eller fleire uventa hendingar samstundes.

Vidare stilte Vest PD følgande spørsmål om bruken av Naudnett til DSB:

- Korleis kan naudetatane få prioritet i Naudnett?
- Kven vert prioritert vekk ved uønskte hendingar?

Vest PD stiller seg positive til samvirkesenteret som skal etablerast under Sykkel-VM. Dei framheva at Naudnett bør vere til stades som ein aktør i samvirkesenteret under arrangementet.

110-sentralen/Bergen Brannvesen, Johnny Breivik

Brannsjef Johnny Breivik presenterte status for 110-sentralen. Det vert auka beredskap med ei eiga særskilt brannordning for Bergen Brannvesen under Sykkel-VM. Dette inkluderer mellombelse brannstasjonar, auka minimumsbemanning og bruk av nabobrannvesen. Alle posisjonar i 110-sentralen vert bemanna kontinuerleg, og samstundes er det kontinuerleg ELS-stab. Som førebyggjande tiltak under Sykkel-VM vert det personell frå brannvesenet til stades i arenaer, samt at mannskap er til stades i gatene. Brannvesenet har avtalt med BKK at VHF vil vere tilgjengeleg som reservesamband under heile perioden.

Auka beredskap med auka bemanning hjå brannvesen, politi og helsevesen under arrangementet vil i seg sjølv gi vesentleg meir bruk av Naudnett enn normalt. Med auka belastning på Naudnett, oppstår fare for feil prioritering og bruk av ressursar under ev. kritiske hendingar.

Bergen brannvesen etterspør svar frå DSB på spørsmål om kapasitet og prioritet på Naudnett:

- Er det mogleg å doble talet på basestasjonar frå dagens 16 til 32?
- Er det teknisk mogleg å etablere prioriterte talegrupper for naudetatane?
- Vil DSB-Naudnett tillate prioritering av talegrupper?

Helse Bergen, Eivind Hansen

Eivind Hansen gjorde greie for utfordringane knytte til å drifte Haukeland universitetssjukehus og Haraldsplass sjukehus midt i sperra område. Særleg tre utfordringar må avklarast:

- 1) Logistikk til og frå sjukehusa for 9000 tilsette, 100 – 150 daglege akutthendingar og 2000 daglege pasientar, inkl. parkeringsplassar, shuttlebussar og rydding av vegane rundt Haukeland ved større hendingar
- 2) Sjuketransport: kan dette skje med taxi og privatbil? Helse Bergen har bedt om avklaring på dette lenge, men enno er ikkje dette ei løysing på. Dersom sjuketransport ikkje kan skje med taxi og privatbil, vil desse transportane legge beslag på ambulansar som er tiltenkte å nyttast til meir akutte hendingar.
- 3) Har Naudnett kapasitet til to eller fleire hendingar samstundes, og kan naudetatane prioriterast?

Forsking viser at det er auka dødelegheit under transport ved større idrettsarrangement, grunna utfordringar knytt til tilkomst sjukehus. Hansen oppsummerte med at vår jobb er å finne risikoreduerande tiltak.

DSB – Naudnett, Nina Myren

Nina Myren frå DSB innleidde med å seie at det er bra at Naudnett vert sett på dagsorden og at bekymringar omkring Naudnett vert teke opp i forkant av arrangementet. DSB informerte om at Naudnett har god dekning og kapasitet i Bergen. Naudnett kan ikkje kollapse, men ein kan oppleve «sperr» i nokre sekund. DSB har planlagt overvaking av Naudnett under Sykkel-VM for å kunne gjere justeringar undervegs.

Utfordringa med fleire brukarar og talegrupper er å ha god sambandsdisiplin og rutinar for bruk av talegrupper. Dersom alle brukar Naudnett rett, er ikkje dette eit problem, meiner Myren. DSB kan hjelpe til i planlegginga for Sykkel-VM slik at Naudnett vert brukt rett. DSB er ikkje bekymra for at det er for mange aktørar og brukarar i Naudnett. Dess fleire aktørar som nyttar Naudnett, dess betre beredskap! DSB vil difor ikkje prioritere vekk brukarar, slik naudetatane tek til orde for. DSB tilrår ikkje prioritering av enkelte aktørar under Sykkel-VM, dei tilrår å ha det som normalt. DSB har heller ikkje tatt stilling til om dei skal vere til stades i Bergen under Sykkel-VM, eller handtere alt frå Oslo.

Transport/trafikk ved Statens vegvesen, Sindre Lillebø, og Hordaland fylkeskommune, Thorbjørn Aarrehun

Lillebø og Aarrehun gjorde greie for trafikkavvikling og kollektivtrafikk, inkludert kapasitet og ruter, under Sykkel-VM. Vegkapasiteten vert halvert i perioden, men dei meiner å ha funne løysingar for kollektivtrafikken. Haukeland sjukehus får ei eiga rute frå Bystasjonen via Møllendal. Fleire område vil midlertidig vere utan kollektivtilbod, som t.d. Sandviken, Fjellsiden, Landås m.fl. Vidare er det planlagd med at Bystasjonen vert transportknutepunktet. Eigen kollektivterminal vert etablert på Trekanttomta. Fløyfjellstunnelen er sentral rute mot nord. Mot sør vert bruken av Bybanen avgjerande og heilt kritisk. Mot vest vert det ein kollektivkorridor i tunnel og ei rute over Puddefjordsbrua (den eine bana). Ekstra båttruter vert sett opp frå mellom anna Sotra og Askøy. Prognoser viser at det vert eit auka behov for kollektiv-transporttilbod då mange vil måtte la bilen stå under Sykkel-VM. Til no er det dimensjonert opp innan dei økonomiske rammene som finst.

Det er lite kapasitet for bubil-parkering. Bergen kommune har ikkje eigen innfartsparkering. Begge tema er ansvar som ligg til ritt-arrangør.

Diskusjon

Fylkesmannen spurte DSB om kapasiteten på Naudnett kan aukast slik fleire aktørar har bedt om. DSB svarte at dette er eit kostnadsspørsmål, men teknisk mogleg. DSB meiner at kapasiteten på Naudnett er god nok, sjølv ved intensiv bruk/toppar. Politimester Songstad peikte på at ein må kunne rekne på og dokumentere kapasiteten ved ulik bruk. Politiet må planlegge ut frå dimensjonerande hendingar, og dei første 10 kritiske minutta må kapasiteten vere til stades. Breivik bad om å få presisert kor stor belastning Naudnett toler. Det vart framheva at ved ei større uønskt hending kan det verte stor belastning og kaotisk, og då må ein vite at naudetatane kjem gjennom på Naudnett. DSB svarte at dei kan vurdere teoretisk kapasitet, men då må dei vite korleis ein ser for seg at nettet vert brukt. Myren viste til at Naudnettet i Oslo tolte påkjeningane 22. juli 2011. Ved terrorhendinga i Stockholm tidlegare i år handterte nettet ei seksdobling i belastning. Myren trur òg dette vil gå bra under Sykkel-VM, men påpeika at det er viktig med samarbeid. Det er avgjerande at sambandsplanar er felles og at desse vert øvd.

Lunde viste til at dei tidlegare har hatt god dialog med DSB - Naudnett, men at DSB - Naudnett ikkje har delteke på samordningsmøte den siste tida. Ørn meinte at situasjonen ville kunne betrast dersom DSB framover deltek i samvirkemøta.

Sponheim spurte vidare DSB - Naudnett om dei kan prioritere naudetatar. Agdestein frå Helse Bergen viste til at dei først hadde fått aksept for prioriterte/øyremerka talegrupper, men at det deretter var gitt kontramelding. DSB svarte at det er teknisk mogleg å gi enkelte talegrupper prioritet, men det må diskuterast om dette er ønskeleg. Sponheim oppsummerte diskusjonen om Naudnett med følgende:

- DSB - Naudnett har fått klar melding frå mange aktørar med bekymring for kapasitet og prioritet.
- DSB - Naudnett har sagt at dei vil rekne på kapasitet og vurdere prioritet, og gi tilbakemelding på dette.
- DSB - Naudnett vil vurdere deltaking i samvirkesenteret.

Sponheim tok vidare opp behov for sikring rundt traseane og inngjerding. Bergen kommune v/Lunde seier at dette er eit ansvar som ligg til rittarrangøren. Sponheim viste då til oppslag i media om vanskeleg økonomi for rittarrangøren og at den som hadde ansvar for "crowd management" har sagt opp. Kva er status for dette og kva løysingar kan vi forvente? Lunde svarte at Bergen kommune har sendt brev med bekymringsmelding til arrangøren og vil saman med politiet stille strenge krav til bruk av byrom. Arrangøren må kunne oppfylle desse. Dette må sjåast opp mot dei føringane som ligg i søknaden og avklarast i lys av den økonomiske stoda. Bergen kommune erkjente at samfunnstryggleik og beredskap ikkje var godt nok tatt hand om i søknaden.

Helse Bergen sine utfordringar knytte til sjuketransport og trafikk/tilkomst vart diskutert i plenum. Helse Bergen peikar på at ambulansane må ha kapasitet til å ta akutte oppdrag og at det difor må tillatast at taxi og privatbilar brukast til sjuketransport. Lunde seier at det i utgangspunktet er to naudtrasear til Haukeland, og at desse ikkje er planlagt brukt av andre enn naudetatane. Han sa vidare at Bergen kommune ved arbeidsgruppe Helse må ta vidare tak i denne saka. Helse Bergen sitt behov for trafikk/tilkomst (arbeidsreiser og pasientreiser) til/frå sjukehus er ei krevjande og førebels uavklart utfordring. Særleg krevjande er perioden mellom kl. 16.00 og 19.00 i samband med vaktskifte. Sponheim var svært tydeleg på at desse utfordringane må løysast.

Oppfølgingspunkt

1. DSB - Naudnett vil vurdere deltaking i samvirkesenter og på dei neste prosjektmøta i regi av Bergen kommune.
2. DSB - Naudnett vil svare på brev frå Bergen Brannvesen om kapasitet og prioritering. Til dette punktet ligg òg vurdering av kapasitet i Naudnett ved auka tal brukarar og ekstraordinære hendingar og prioritering av naudetatar.
3. Bergen kommune vil følge opp etablering av sambandsplanar og rutinar for talegrupper.
4. Bergen kommune må saman med Helse Bergen finne ei løysing for sjuketransport og vurdere å tillate bruk av taxi og privatbil til sjuketransport.
5. Bergen kommune må saman med Helse Bergen og andre relevante aktørar finne ei løysing for trafikk/tilkomst (arbeidsreiser og pasientreiser) til/frå sjukehus. Særleg for den krevjande perioden mellom kl. 16.00 og 19.00 i samband med vaktskifte.

Deltakarar samordningsmøte om Sykkel-VM, 16. mai 2017

Deltakar	Verksemd	Status
Sponheim, Lars	Fylkesmannen i Hordaland	Til stades
Fjeld, Rune	Fylkesmannen i Hordaland	Til stades
Arianson, Helga	Fylkesmannen i Hordaland	Til stades
Songstad, Kaare	Vest politidistrikt	Til stades
Ørn, Morten	Vest politidistrikt	Til stades
Rastad, Robert	Bergen kommune	Forfall
Lunde, Ivar Konrad	Bergen kommune	Til stades
Hansen, Eivind	Helse Bergen	Til stades
Agdestein, Jan	Helse Bergen	Til stades
Pedersen, Brit	Helse Bergen	Til stades
Breivik, Johnny	110-sentralen – Bergen Brannvesen	Til stades
Vikane, Grethe	Statens vegvesen	Til stades
Hjelset Elin	Statens vegvesen	Til stades
Lillebø, Sindre	Statens vegvesen	Til stades
Seland, Ingvar	HV09	Til stades
Aarrehun, Thorbjørn	Hordaland fylkeskommune	Til stades
Bollmann, Anne-Margrethe	Sivilforsvaret	Til stades
Madsen, Hans	DSB	Til stades
Myren, Nina	DSB	Til stades
Løfquist, Heidi	DSB	Til stades
Winge, Alfa Sefland	Fylkesmannen i Hordaland	Møtearrangør
Stavseng, Lene	Fylkesmannen i Hordaland	Til stades
Arnesen, Fredrik	Fylkesmannen i Hordaland	Til stades
Flaatten, Karianne	Fylkesmannen i Hordaland	Til stades
Høgestøl, Edvard	Fylkesmannen i Hordaland	Til stades
Vange, Ståle /IKT	Fylkesmannen i Hordaland	Tilgjengeleg